

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 28.04.2017
SAKSHANDSAMAR: Johnny Heggstad
SAKA GJELD: **Helse 2035**

ARKIVSAK: 2017/407
STYRESAK: **054/17**

STYREMØTE: **11.05. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gir si tilslutning til Helse2035, slik strategien er lagt fram etter høyringsrunden.
2. Styret ber om at innspela som er relevante for arbeidet med tiltaksplanen og gjennomføringa av strategien blir tekne med vidare.

Oppsummering

2. februar 2017 vedtok styret i Helse Vest RHF i sak 016/17 å sende Helse2035 på høyring til interne og eksterne interessentar. Høyringsfristen blei sett til 10. april. Strategiutkastet er no føreslått oppdatert på bakgrunn av innspela som kom gjennom høyringssvara. Det er ikkje lagt til nye overskrifter, men det er gjort endringar for å tydeleggjere eller utdjupe innhaldet i den eksisterande teksten. Enkelte omgrep og definisjonar, mellom anna knytt til beredskap og uønska variasjon, er òg lagt inn. I tillegg er det gjort nokre mindre grafiske endringar.

Samla sett er høyringssvara positive, og strategien er godt motteke. Dei positive kommentarane gjeld både prosessen, form og innhald. Samtidig er det mange som har peika på behovet for tydelegare planar for oppgåvedeling, funksjonsdeling, samhandling og samarbeid både internt og eksternt. Utfordringar rundt utvikling og bruk av teknologi er òg nemnt av fleire. Nokre høyringsinstansar er meir kritiske, og meiner at både prosessen og innhaldet i strategien burde vore utvida.

Mange av innspela omhandlar konkretisering, tiltak og gjennomføring av strategien. Det er naturleg å vurdere desse innspela i samband med tiltaksplanen og det regionale og lokale strategi- og planarbeidet vidare.

Fakta og prosess

Helse2020 blei etablert som ein overordna verksemdstrategi i 2007, og blei revidert i 2011. Helse2035 byggjer på Helse2020, men er ei ny og omfattande revidering som rettar seg etter føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).

Det har vore eit mål å redusere lengda på strategidokumentet sett opp mot tidligare, og framstille innhaldet på ein relativt kortfatta og presis måte. Sidetalet er redusert frå 52 i Helse2020 til 26 i utkastet for Helse2035. Føremålet har vore å utforme eit lesevennleg dokument og sikre god forståing av utfordringar, moglegheiter og nødvendige prioriteringar i eigne og eksterne fagmiljø.

Høyringsdokumentet baserte seg på prosjektet sine kartleggingar, intervju og analyser, på overordna rammer frå styrande dokument, innretninga styringsgruppa har gitt undervegs til prosjektet, og på utarbeidde temarapportar. Det er òg teke høgde for innspela som har komme fram i dialog med HF-a og på dei fire storsamlingane, der over 500 personar frå kommune, fylke, sjukehus og andre samarbeidspartar deltok. Det kom òg innspel til arbeidet på regional samling for alle styra, regionalt leiarmøte i Helse Vest, RHF-dagen og på møter med ei rekkje av kommunane i føretaksområda. Verneombod og brukarutval har òg gitt viktige innspel. Helse2035 har i tillegg blitt presentert for fleire grupper og fagmiljø.

Etter styremøtet 2. februar 2017 blei strategidokumentet sendt ut på høyring, med høyringsfrist 10. april. Utkastet som no ligg til behandling er oppdatert på bakgrunn av dei 25 høyringssvara som kom i løpet av høyringsperioden, og var oppe til behandling i styringsgruppa 28. april.

Kommentarar

Strategien har ei temabasert inndeling, der det er lagt særleg vekt på dei områda som er omfatta av dei viktigaste endringane framover. Det er skissert ei overordna målsetjing for kvart av temaa. Samtidig kan ein sjå at samhandling, ny teknologi og nye tekniske løysingar, samt innovasjon og endring er gjennomgåande faktorar i heile strategien.

Samla sett er høyringssvara positive, og strategien er godt motteke. Dei positive kommentarane gjeld både prosessen, form og innhald. Dei fleste meiner strategien beskriv utfordringane og moglege løysingar på ein god og dekkjande måte. Fleire uttrykkjer òg at tidshorisonen er fornuftig, då den gjer langsiktig planlegging og investering enklare.

Samtidig er det mange som har peika på behovet for tydelegare planar for oppgåvedeling, funksjonsdeling, samhandling og samarbeid både internt og eksternt. Strategien seier at sjukehusa skal ha ei føremålstenleg spesialisering og oppgåvedeling, og jobbe i nettverk som eit team, men han beskriv ikkje korleis dette skal bli gjort. Det same gjeld for samhandlinga, og tilbakemeldingane har spesielt omfatta kommunane. Strategien kan likevel ikkje gi eit utdjupande svar på dette, då både oppgåvedelinga og samhandlinga må løysast i tett samarbeid gjennom eigne prosessar.

Utfordringar rundt utvikling og bruk av teknologi er nemnt av fleire. Høyringsinstansane gir generelt støtte til at ny teknologi er ein viktig del av helsetenestene i framtida. Men nokre peikar òg på at teknologien skapar utfordringar knytt til mellom anna sårbare brukarar, digitale trugslar, integrasjonsproblem og systemkompleksitet. Det er likevel vanskeleg å seie noko sikkert om korleis teknologiutviklinga blir 15 år fram i tid. Derfor er det viktig å setje ei retning for utviklinga. Ambisjonane er høge, men det er òg krava til endring og innovasjon for å kunne utvikle pasienten si helseteneste.

Enkelte høyringsinstansar er meir kritiske, og meiner at både prosessen og innhaldet i strategien burde vore utvida. Eksempelvis psykisk helsevern og forskning og utdanning er føreslådd utvida, mens nokre meiner at dei ikkje har vore tilstrekkeleg involvert. Dei fleste uttrykkjer likevel at prosessen har vore brei og at arbeidet er godt forankra, samtidig som fleire har spelt inn at strategien kunne vore enda kortare.

Det er ikkje lagt til nye tema eller målsetjingar som følgje av høyringsinnspela. Det er likevel føreslått å ta inn ei rekkje endringar for å tydeleggjere eller utdjupe innhaldet i den

eksisterande teksten. Enkelte omgrep og definisjonar, mellom anna knytta til beredskap og uønska variasjon, er òg lagt inn. I tillegg er det gjort nokre grafiske endringar. Alle endringane er omtalt i eit eige vedlegg.

Mange av innspela omhandlar konkretisering, tiltak og gjennomføring av strategien. Det er naturleg å vurdere desse innspela i samband med tiltaksplanen og det regionale og lokale strategi- og planarbeidet vidare.

Konklusjon

Det er gjennomført ein lang og grundig prosess for å hente inn flest mogleg relevante innspel og forankre strategiarbeidet både i eigen organisasjon, hos brukarane og hos eksterne aktørar. Høyringa har bidrege til å kvalitetssikre arbeidet som er gjort og involvere høyringspartane ytterlegare. Ei rekkje innspel frå høyringa er no føreslådd tatt med i strategidokumentet.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Helse2035 – Strategi for Helse Vest – utkast mai 2017

Vedlegg 2: Logg over tilrådde endringer i strategidokumentet etter høyringa

Vedlegg 3: Oppsummering av høyringssvara med kommentarar og tilrådingar